

# YTRE HARDANGERFJORD

— kandidat område for marint vern i Hordaland



*Sjøkrepsen er velsmakande og ein typisk art på botn av Hardangerfjorden. Store mengder sjøkreps vert kvart år fanga her i teiner. Dette fisket vert ikkje råka dersom Ytre Hardangerfjord vert eit marint verneområde. Sjøkreps kan også fangast med botntrål, men denne metoden er ikkje i bruk i Hardanger. Det ville vore annleis, for botntrål er forbode i norske marine verneområde. Foto: Espen Rekdal.*

**På ein undersjøisk morenergygg som går tvers over Hardangerfjorden er det marine dyrelivet svært rikt. Havforskarane har ved tokt i 2016 funne store og viktige kaldvasskorallrev ved Huglhammaren, og førekomsten av korallar og svampar her er mellom dei aller rikaste i landet. Korallrev veks svært seint og er sårbare for påverknad. Korallane ved Huglhammaren og andre stader i ytre Hardanger er ei viktig årsak til at det vert gjort framlegg om å verne eit større marint område her.**

Det er augekorallen *Lophelia pertusa* som dannar korallrev i våre farvatn. Noreg er heimstad for 25 % av dei kjende førekomstane av denne arten i verda, og ein av dei aller viktigaste einskildførekomstane er å finne i ytre Hardangerfjord. Her veks korallane på ein bortimot vertikal bergvegg på djupne mellom 80 og 220 m. Det kan ha vakse korallar her i 8000 år, men dagens korallrev er nok vesentleg yngre sjølv om slike korallar veks seint. Grunnen er at på slike veggrev brotnar korallane av si eiga tyngde etter nokre hundre år, og ved foten av veggen ved Huglhammaren ligg store mengder daude korallar.

## «Hengande korallhagar» på store djup

Veggrevet ved Huglhammaren ser ut til å vere i god tilstand, med kontinuerleg og god rekruttering av nye dyr. Ved eit tokt her i 2016 påviste havforskarane 13 ulike artar korallar her, forutan 17 artar av svampar. Halvparten av korallane (6) er oppført på den norske raudlista. Det største trugsmålet mot norske korallrev er bruk av botntrål, men slik reiskap er uansett ikkje lov å nytte i norske fjordar i dag.

Naturen i Hardanger er eit nasjonalt ikon. Vagrare stad finst knapt under fruktbløminga, mens fjellformasjonane som omkransar fjorden er spektakulære uansett årstid. Likevel veit ikkje mange at den undersjøiske naturen, som dei færreste av oss får sjå med egne auge, kan opplevast som endå meir fantastisk, og artsmangfaldet på dette kystavsnittet er spesielt stort.

Miljøpåverknadane har over tid vore store i Hardangerfjorden, og vi ser klare effektar av dette på det marine miljøet. Villaks og sjøaure har ikkje gode kår i dag, og bestanden av fjordbrisling er på eit særst lågt nivå. Brisling er ein nøkkelart i dette fjordsystemet, og svikten gir store verknader for mange andre fiskeslag og sjøfugl, ved at næringsgrunnlaget deira er redusert. Dyrelivet på fjordbotnen er sikkert også prega av dei samla påverknadane, men dette er så langt ikkje dokumentert, og mange stader er faunaen her enno særprega og mangfaldig. Det er livet på fjordbotnen som er det primære verneføremålet ved eit marint vern. Eit eventuelt vern her skal medverke til at dette naturmiljøet vert godt forvalta, no så vel som i eit langt tidsperspektiv inn i framtida.

### Kva vil eit vern medføre?

Marint vern medfører strenge reguleringar i mange land, men ikkje i Noreg. Det omfattar ikkje private eigedomar. Det er meininga at ein skal kunne hauste berekraftig av dei marine ressursane som før, så både fritidsfiske og næringsfiske vert regulert av havressurslova som elles i Noreg. Det vert ikkje restriksjonar på ferdsle på sjøen, eller dykking. Fiske med botntrål, tråling etter tare og opptak av skjelsand vert forbode, men slike aktivitetar eksisterer ikkje i Hardangerfjorden i dag. Det finst fleire matfiskanlegg i kandidatområdet, men aktiviteten her blir ikkje råka. Søknad om nye anlegg skal handterast etter verneforskrifta i tillegg til dei lovverka som dei allereie skal vurderast etter, aktiviteten skal då vere i samsvar med verneføremålet.

*Store delar av sjøauren i Hardangerfjorden ser slik ut, kraftig infisert av lakselus. Marint vern kan ikkje løyse dette problemet, det må handterast etter anna gjeldande lovverk.  
Foto: UNI Miljø.*



*Marint søppel er eit stort esteisk problem, og påfører dyrelivet i havet store ulemper. Kolavika i Tysnes kommune vart rydda for plast og anna avfall av Fylkesmannen i Hordaland, Bergen og omland friluftsråd og ein skuleklasse i juni 2016. Heile 15 tonn vart samla opp! Ofte er det vanskeleg å finansiere slike aksjonar, men i verneområde kan ein nytte tiltaksmidlar over statsbudsjettet for å reinske opp. Foto: Mari Katrine Berg.*



Foto: Magnus Johan Steinsvåg / Fylkesmannen i Hordaland

*Marint vern avgrensast mot land ved kote ±2 under sjøkartnull. Her er staten grunneigar i Noreg, så vernet berører ikkje privat eigedom direkte. Unnataket er der det allereie finst verneområde på land, slik som her ved Ånuglo i Tysnes. Her vil eit marint verneområde gå kant i kant med det etablerte verneområdet. Akkurat ved Ånuglo er det faktisk staten som eig det meste av landarealet også, så heller ikkje der vert privat eigedom påverka. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.*